



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyhendebrev 02.07.2021

Kjære ressursperson og leiar!

Nyhendebrev vert sendt ut to gonger årleg for å gje ei oppsummering av nokre av aktivitetane som har vore i nettverket denne våren. Samtidig vil ein informera om planar for hausten og komma med aktuell informasjon frå fagfeltet. Endeleg kan det sjå ut som me forsiktig kan planleggja mot ein haust utan strenge smittevern tiltak og kanskje kunna arrangera fysiske møter att.

Kva har skjedd sidan sist?

Felles for Helseregion Vest

Ny strategi for nettverket vart godkjent i alle fire styringsgrupper / fagråd for nettverket tidleg på vårparten og er sendt breidt ut til samarbeidspartar i heile regionen.

Kompetanseplanen for sjukepleienettveka er også revidert og vart sendt ut saman med ny strategi. I desse dagar vert også ny funksjonsbeskriving for ressursssjukepleiarane godkjent. Denne vil bli presentert på nettverksmøta til hausten.

Lokale nettverksmøter

Denne våren har det vore arrangert digitale nettverksmøte i alle 6 nettverka. Nytt denne våren er at ein har hatt undervisning digitalt. Det vert undervist i to tema dette året, fordelt på vår og haust. Lars Helge Myrset, sjukeheimsprest i Stavanger / KLB har undervisning i temaet «Sorg». Maria Revheim, kreftkoordinator i Tysvær kommune har undervisning i temaet «Forhåndssamtaler». Til saman deltok 71 sjukepleiarar og 5 fysioterapeutar/ergoterapeutar på nettverksmøter denne våren.

Årleg fagdag vart arrangert digitalt via Zoom 16. mars med over 100 deltakarar. Tema for denne fagdagen var «Eutanasi og lindrende sedering». Morten Magelssen og Sebastian von Hofacker stod for undervisninga.

Introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar vart arrangert 22. april med 36 deltakarar.

Takk til alle som har svart på evalueringa av nettverksmøta. Det er svært viktig for oss å få tilbakemeldingar på nettverksarbeidet.

Hugs også å svara på årleg rapportering som vert sendt ut i eigen e-post mot slutten av året.



Kompetansemiddel til nettverket

Driftsgruppa for nettverket fekk i 2019 tildelt kompetansemiddel. For alle ressurspersonar er det frå hausten av framleis mogeleg å søkja kompetansemiddel for å delta på kurs, fagdagar, konferansar og liknande innan fagfeltet. Ny informasjon vert sendt ut til hausten.

Planar for hausten

Nettverksmøta startar opp i september og her er oversikt over hausten:

Nettverksgruppe	Tid og stad
Hardanger	29. september i Utne
Ytre Haugaland Midt	16. november på Haugesund sjukehus
Ytre Haugaland Nord	28. september på Nordheim
Sunnhordland	6. oktober på Stord
Indre Haugaland	2. november i Suldal
Ytre Haugaland Sør	26. oktober på Haugesund sjukehus

Palliativ fagdag er foreløpig planlagt arrangert til hausten, med atterhald om eventuell endring i reglar for smittevern og tal på deltakarar. Dato og nærare info kjem seinare.

Verdsdagen i lindrande behandling vert markert 30.10. med eit mindre arrangement på temakafé i Odda i samarbeid med Kreftforeningen.

Neste introduksjonskurs vert arrangert våren 2022.

Introduksjonskurset er for nye ressurspersonar i nettverket og deira leiar. Alle nye i nettverket vert oppmoda til å delta på introduksjonskurset.

Nettverket består av **109** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **30** ressurspersonar i fysio- og ergoterapinettverket. For meir info sjekk ut www.pallnet.no

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Prosjektmidlar gjer det mogeleg å fokusera på og vidareutvikla det palliative arbeidet. Alle kommunar kan søkja om midlar til prosjekt: Kompetansehevande tiltak innan lindrande behandling og omsorg ved livets slutt.

Hospitering: Alle ressursjukepleiarar vert anbefalt å hospitera innan ein 3-års periode (jmfr. Kompetanseplanen). Informasjon om hospiteringsordninga kan ein finna på nettverket sine nettsider. Ressurspersonar i nettverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar vert også oppmoda om å hospitera.

ESAS-skjema på andre språk er no igjen tilgjengeleg i Noreg. Meir info kan de finna på KLB sine nettsider om ESAS.

Hjelpepodden: Ein Podcast om ordningar ved sjukdom i familien (m.a. episode om pleiepengar, verge, framtidfullmakt og barn som pårørande). Dette er utarbeida av sosionomane ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus: <https://open.spotify.com/show/OvcK3nbSS5BEIdPA2VYihf>

Nyheiter frå driftsgruppa til nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar

Det har vore liten aktivitet i nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar det siste året og det har vore ein del utskifting av medlemmer i driftsgruppa og nye ressurspersonar er gått inn i driftsgruppa. Fagdagen til hausten er under planlegging. Leiar for driftsgruppa er Karoline Berge, epost: karoline.berge@helse-fonna.no

Nytt frå Kreftforeningen

Kreftforeningen

<https://kreftforeningen.no/vare-tilbud/>

Webinar : <https://kreftforeningen.no/vitensenteret/tilbud/>

Deltaking i samfunns- og arbeidsliv - utfordringar og kva moglegheit ein har for å komma tilbake til eigen arbeidsstad eller å komma inn på arbeidsmarknaden etter kreft.

I Kreftforeningen sin Stafett for livet deltar lag samansett av til dømes familiar, venner, skular, foreiningar, arbeidsstader i ein 24 timar lang stafett. Bak kvart lag er det ei historie, eit menneske, som laget vil støtta eller minnst. Stafettane i 2021 vert tilpassa nasjonale og lokale råd om smittevern. Følg med på Facebook for Randaberg og Karmøy.

Kreftforeningen sin koronarapport: <https://kreftforeningen.no/aktuelt/kreftforeningens-koronarapport>

Kvardagshjelpa: Lågterskeltilbod med hjelp frå frivillige. Fleire av våre frivillige har personleg erfaring som pasient, pårørande eller etterlatt.

Følgetenesta følgjer til sjukehus, lege og apotek. Kan bestillast på appen Nyby og ein kan lesa meir på kreftforeningen.no/tilbud/kreftforeningens-folgetjeneste/

Rådgjevar Iris Vold kan kontaktast på iris.vold@kreftforeningen.no, evt. last ned appen Nyby og legg inn oppdrag der. Frå august av kjem ny rådgjevar (vikar).

Nytt frå KOR

Me har som mange andre merka dette siste året har vore annleis. Me har halde ope tilbodet om samtalar på kontora, men gruppetilbodet har variert ut i frå korleis restriksjonane har vore. I KOR har me opplevd auka aktivitet siste året både i sør- og nordfylket. Spesielt har det vore fleire tilvisingar frå familiar med barn og unge som ynskjer samtale. Som et bilde på denne auken fortel tala sitt; I 2019 hadde me totalt 1484 konsultasjonar, mens me i 2020 hadde 2057.

Me har gjennom pandemien måtta tenkja nytt for å få inntekter, og har fått fleire prosjekt innvilga hos DAM. For å kunna starta opp att med grupper for kvinner med kreft, blei løysinga å arrangera på hotell. Takka vere midlar frå DAM stiftelsen har dette vorte mogleg, og me har hatt dei siste samlingane der.

Gruppe for etterlatne blei starta hausten 2021, men me har måtta utsetja fleire av samlingane pga. Covid 19. Dermed har me to møter igjen, som blir etter sommaren.

Gruppe for barn har me ikkje fått arrangert på over eitt år no, og me ser verkeleg fram til å kunna ta opp igjen desse treffa til hausten.

I Ungdomsgruppa har me hatt to møte etter pandemien braut ut, men restriksjonane har gjort det vanskeleg å ha møta i våre lokalar.

Parkurs har blitt utsatt dei siste to åra, men datoen for neste kurs er sett til 6.-7. november. Dette er kurs for par der den eine er ramma av kreftsjukdom, og deltakarane får møta andre par i liknande situasjon.

Kreftomsorg Rogaland er 15 år i 2021. Det må feirast! Og det gjer me ved å fortelja historiene til 15 ulike menneske og organisasjonar som har vore med å gjera oss til den me er i dag. I månadane som kjem vil me presentera både brukarar, tilsette, støttespelarar og grunnleggjarar. Me kallar feiringa for «15 år – 15 historier».

Følg oss på facebook: <https://www.kreftomsorg.no/emne/15-ar-15-historier/>

Mykje har blitt utsett som følge av Covid-19 siste året. Då vert det ekstra fint å kunna arrangera Jubileumskonferanse 25. november! Dette gler me oss til, og er stolt over å kunna presentera ein dag med fagleg og personleg påfyll, med inspirerande foredrag, eineståande underhaldning, god mat og ein møteplass med kollegaer og andre balansekunstnarar: <https://www.facebook.com/events/1460177367653383?ref=newsfeed>

Kurs og konferansar

- Grunnkurs i palliasjon: 30. september-1. oktober
- 20. landskonferanse i kreftsykepleie 15.-17. september 2021, Kristiansand
- 17. landskonferanse i palliasjon 14.-16. september 2022, Molde

Med ynskje om ein god og fin sommar til dykk alle!

Helsing frå driftsgruppene i nettverket

Karoline Berge

leiar for fysioteapi -og
ergoterapinetttverket

Grete Skeie Sørhus

leiar for sjukepleienettverket

Foto: Øystein Johansen

